

Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nye punkt:

1. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
2. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.
3. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på firefelts innfartsårer, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2019 - 2022.
2. Det vil vere behov for å finansiere innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen. Fylkestinget vil vurdere å finansiere dette over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, eller syta for at deler av midlane til Bybanen frå bompengeforliket vert avsett til dette.
3. Grunna svært låg statleg finansiering av Bybanen sine første byggetrinn, er gjelda i Miljøløftet høg. Årsberetninga frå Ferde syner ei samla gjeld på 5.4 mrd kr og denne vil auke til om lag 6,1 mrd 2017-kr. Vestland fylke har også høg og aukande gjeldsgrad og høge samla kausjonsforpliktingar. Fylkestinget konstaterer at bybaneprosjekta bandlegg ein for stor del av fylkeskommunen sitt økonomiske handlingsrom slik at det går ut over investeringar innan samferdsle, opplæring og kultur, særleg utanfor Bergensområdet. Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld i staden for nyinvestering i bybaneprosjekt, og vil sjå etter moglegheiter for dette etter at Bybanen byggetrinn 4 er ferdigstilt.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (Frp, FNB) og fall.

Innstillinga punkt 3 fekk 13 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, H) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Hammer sitt forslag punkt 4 og 6 fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, MDG, SV, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 14 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2021 - 2024 slik det ligg føre.
2. Det vil vere behov for å finansiere innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen. Fylkestinget vil vurdere å finansiere dette over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, eller syta for at deler av midlane til Bybanen frå bompengeforliket vert avsett til dette.
3. Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld, og vil sjå etter moglegheiter for dette etter at Bybanen byggetrinn 4 er ferdigstilt.

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkomme for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på firefelts innfartsårer, og framkomme på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.